



Vår dato:

24.02.2023

Vår ref:

2023/493

Dykkar dato:

10.01.2023

Dykkar ref:

202203776-3

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Kontakt saksbehandlar  
Bjørn Mo, 51568909

## Svar på høyring - konsesjon - Karmøy - ny 132kV kraftleidning Bø - Meland - Fagne AS

**Statsforvaltaren er positiv til at Fagne AS har gått bort i frå traséalternativ 2 og 2b. Av omsyn til natur og landbruk ønsker me i størst mogleg grad å samle inngrep og infrastruktur, og dermed redusere samla belastning. Difor skulle me gjerne sett at ny trasé følgde den eksisterande. Fagne AS skriv på sin side at ein ikkje ønsker å vidareføra innskott kabel over bygget på næringsområdet. Dette resulterer i at ein må legge traséen lengre vest, til eit område som i mindre grad er prega av inngrep. Grunna konsekvensane dette vil ha for både natur og landbruk vurderer me at Fagne AS må gjøre greie for kvifor ein ikkje kan vidareføra innskot kabel. Ei slik utgreiing må synleggjere konsekvensar for natur, vedlikehald og den økonomisk lønnsemda til prosjektet.**

Vurderinga av konsekvensar er mangefull. Dersom søknaden inkluderer det som er å rekne som ei KU, følger det verken allmenn praksis eller forventningar til KU-arbeid, og vurderingane når ikkje opp til dagens standard jf. rettleiar M-1941 frå Miljødirektoratet. Av omsyn til natur vurderer med at kunnskapsgrunnlaget verken er tilstrekkeleg eller er av ein kvalitet som me forventar i eit prosjekt av denne storleiken. Dette gjelder særskilt i den sørlege halvdelen der ein vurderer nye traséar i areal med lite eller ingen tekniske inngrep. Området er til dømes ikkje undersøkt med omsyn til naturtypar. Ved vurdering av artar i tiltaksområdet har konsekvensutgreiinga openberre feil og manglar som vidare svekker tilliten til konsekvensutgreiinga.

**Dei ulike traséalternativa ser ut til å råke landbruk og natur noko ulikt, og ved val av trasé må ein vurdere kva omsyn som skal vege tyngst. Me vurderer kunnskapsgrunnlaget som utilstrekkeleg til å gjøre ei vurdering av dette.**

**Vidare i prosessen må det ligge eit betre kunnskapsgrunnlag til grunn før NVE kan ta ei avgjerd, særleg i ei sak som denne, der omfanget av prosjektet er relativt stort.**

Me syner til brev frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) av 10.01.2023 om høyring av konsesjon for ny 132kV dobbelkurs kraftleidning frå Bø til Meland i Karmøy kommune.



## Bakgrunn

Kraftleidninga vil i hovudsak følgje eksisterande trasé, men Fagne føreslår å avvike delvis frå dagens trasé for å unngå nærføring med enkelte bustader og planlagt utviding av næringsområde ved Nygård. Søknaden er grunngjeve med at eksisterande 66 kV nett på Karmøy ikkje er dimensjonert for dagens behov og forventa vekst, og at leidningen nærmar seg den tekniske levealderen.

Byggeførbusbeltet for ny 132 kV dobbelkurs luftleidning er inntil 27 meter. Jordbruksbelte ved dagens trasé for 66 kV har restriksjonar for bruk av gardsmaskinar og gjødselspreiing. Jøsok AS vurderer ny 132 kraftledning vil ha lite innverknad på jordbruksbelte. Ei auka høgde på mastene vil være noko positivt, mens det på den andre sida er negativt at klausulert jordbruksareal vil auke med 1 meter for ny leidning.

## Vår vurdering

På generelt grunnlag ønskjer Statsforvaltaren å samle tekniske inngrep, og me er difor positive til at ny kraftleidning i all hovudsak vil følgje eksisterande trasé og særskilt positiv til at traséalternativ 2 og 2b er forkasta.

Me skulle gjerne sett at ny trasé følgde den eksisterande. Forbi næringsområdet på Nygård er det i dag lagt ein liten innskott kabel slik at linja kan gå over bygget. Dette er ein løysning Fagne ikkje vil vidareføra. Dette resulterer i at ein må legge traséen lengre vest, til eit område som mindre grad er prega av inngrep. Grunna konsekvensane dette vil ha for både natur og landbruk vurderer me at Fagne AS må gjere greie for kvifor ein ikkje kan vidareføra innskot kabel. Ei slik utgreiing må synleggjere konsekvensar for natur, vedlikehald, sikkerheit og den økonomisk lønnsemenda til prosjektet.


Figur 3 inkluderer blå piler som viser stadar der dagens 66 kV leidning ligg relativt tett opp mot bustadar. Me registrer at dette inkluderer nye bureisingar som er satt opp etter etablering av kraftlinje på alle fire lokalitetar. Til dømes viser Figur 12 at ein skal legge omsøkt trasé noko vest for eksisterande trasé ved Utvik for å få større avstand mellom eksisterande bustad/garasje og ny leidning. Me påpeiker at den aktuelle bustaden og garasjen som ligg nærast linja vart bygd etter at kraftlinja kom og at nærleik til kraftlinje er å sjå på som pårekneleg.

I området aust for Fiskåvatnet er det positivt at Fagne AS prioriterer traséen lengst aust for å unngå konflikt med fuglelivet i Fiskåvatnet. Me er einige i denne vurderinga og vil difor tydeleg rå i frå alternativ 1+1b. Ferskvatn tiltrekker seg mange forskjellige artar og artsgrupper, slik at kollisjonsfare i seg sjølv aukar på grunn av mengdene med fugl. Vidare finn ein særleg større artar som andefugl i og ved opne vassflater og myrar. Desse artene er store og flyr med stor fart, men har dårlig manøvreringsevne, og er difor særleg utsatte for å kolidere med kraftlinjer. Ein bør difor unngå å legge kraftlinjer over områder der slike arter oppheld seg, samt områder der slike artar trekker eller ofte flyr gjennom. På grunn av kollisjonsfare er me noko negative til at ein vel dobbelkursmaster med fire etasjar med liner, men at det er positivt at ein planlegg fugleavisalar som avbøtande tiltak om ein ser det som eigna. Av omsyn til kollisjonsfare for fugl skulle ein gjerne sett at ein vel mastetype med horisontale faseleidningar.

Fiskåvatnet ligg inne som viltområde i Temakart Rogaland (tidlegare i Naturbase). Til kommentar står følgande: «*Blant de viktigste våtmarkssystemene i Karmøy, hekking av 3 grasandarter, dykkender beiter i åpne vannspeil vinterhalvår. Hekking av silender, beiting av siland med innslag av laksand vinterhalvår. Overvintrende flokker av sangsvane i åpne vannspeil. Bekkasiner, vipe, tjeld rødstilk, storspove, glutt- og skogsnipte under trekk m.m. Våtmarken er mye brukt som beiteområde for hjort.*»



Me ser dessverre at Jøsok Prosjekt AS ikkje har nytta seg av Artskart på ein korrekt måte. Om ein filtrerer på raudlistearter i artskart og til dømes vel lokaliteten Fiskåvatnet (lokalitet H jf. Fagne As sin figur 38) får ein opp vipe som første observasjon. Men per 23.02.2023 ligger det inne 49 funn av raudlista fuglearter på denne lokaliteten. Ved å klikke på pilen vil ein sjå neste funn på denne lokaliteten. Det verker som at Fagne AS har oversett dette og berre har sett på éin av dei 49 observasjonane.



**Figur 1** Raud sirkel markerer at vipe er 1 av 49 observasjonar av raudlistearter på denne lokaliteten i artskart.

Følgjande raudlistearter er registrert på lokaliteten Fiskåvatnet og tilgjengeleg i Artskart: vipe (CR), svarthalespove (CR), storospove (EN), taigasædgås (EN), bergand (EN), knekkand (EN), gråmåse (VU), fiskemåse (VU), sandsvale (VU), storskarv (NT), raudstilk (NT), heilo (NT), tjeld (NT), gauk (NT), songlerke (NT) og taksvale (NT).

I tillegg er det observert grashoppesongar (NT) som liggir inne på lokaliteten i artsobservasjoner, men av usikker grunn ikkje er å finne igjen i Artskart.

Fordi ein berre har sett på den øvste/første observasjonen på lokalitetane i Tabell 6, betyr dette at berre ein særsliten del av funna er representert i tabellen. Ein slik mangel er med på å svekke tilliten til konsekvensutgreiinga. Jøsok Prosjekt AS har ikkje gjort feltarbeid og me har funne manglar i vurderinga av tilgjengeleg informasjon i offentlege databasar. Me kan vidare ikkje sjå at ein har gjort konkrete vurderingar av konsekvensar for dei ulike traséane. Til dømes vil traséalternativ 1 i større grad legge seg inntil eit myrområde heilt i sør. Dette myrområdet liggir inne som viltområde for artene andefuglar, vade-, måke- og alkefuglar med namnet «Sør for Rygge». Me kan ikkje sjå at dette er vurdert ved konsekvensar for traséalternativ 1 eller 1c. Jøsok Prosjekt AS har i tekstform gjort ei overordna vurdering om at kraftlinje frå Bø – Meland vil ha middels til stor negativ konsekvens for fuglelivet. Det kjem dårleg fram kva denne vurderinga byggjer på.



Traséalternativa er ikkje vurdert med omsyn til naturtypar fordi det i offentlege databasar ikkje er registrert viktige naturtypar i traséen. NiN dekningskart viser at området heller ikkje er undersøkt. Området må vurderast av fagkompetent personell.

Vurderinga av konsekvensar er mangefull. Dersom søknaden inkluderer det som er å rekne som ei KU følger det verken allmenn praksis eller forventningar til KU-arbeid, og vurderingane når ikkje opp til dagens standard jf. Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941<sup>1</sup>. Blant anna saknar me ei KU-samanstilling. Av omsyn til naturverdiar vurderer med at kunnskapsgrunnlaget til nåverande konsekvensutgreiing verken er tilstrekkeleg eller er av ein kvalitet som me forventar i eit prosjekt av denne storleiken. Dette gjelder særskilt i den sørlege halvdelen, der ein vurderer nye traséar i areal med lite eller ingen tekniske inngrep.

Parallelt med denne prosessen har me på høyring melding om søknad for 132 KV kraftleidning Strand-Finnøy-Nordbø og Finnøy. I oversendinga er me spurt om kva me forventar i ei konsekvensutgreiing. Til dette har me skrive eit komprimert avsnitt som her er omskrive til å være relevant i denne saka: Kraftleidning og kablar vil kunne gi negative konsekvensar for terrestriske naturtypar, landbruk, fugl (inkludert sensitive artar), dyr og andre artsgrupper. I konsekvensutgreiinga forventar me difor at det gjerast ei vurdering dei terrestriske naturtypane. Det bør være eit overordna fokus på naturtypar, men i områda med kvalitetar som tilseier at ein vil finne raudlisteartar og norske ansvarsartar<sup>2</sup> må det også gjerast undersøkingar på artsnivå, til dømes på mosar, lav og sopp. Konsesjonen er søkt i eit område dårlig kartlagt og det er viktig at ein gjer ein eigenhendig vurdering av funn i felt. Feltarbeid skal gjerast på ei tidspunkt der det er mogleg å observere raudlista artar, og der det er mogleg å kunne registrere naturtypar. I samband med kartlegging er det også viktig å innhente informasjon om framande artar. Førekomst av framande artar vil vere avgjerande for å kunne vurdere koststandar ved traséar, og for å kunne planlegge naudsynte avbøtande tiltak tidleg.

Det er områdar som er i konflikt med gjødsla beite, og av omsyn til landbruk vurderer me at alternativ 1 vil å være det minst konfliktfulle. Men av omsyn til naturverdiar er sannsynlegvis alternativ 1c betre. Me vurderer kunnskapsgrunnlaget som utilstrekkeleg til å gjere ei vurdering av kva omsyn som skal vege tyngst ved tilråding av traséaval.

Luftleidning vil legge beslag på jordbruksareal. Særleg på innmarksbeite, der ein bruker gjødselkanon, vil luftleidningen indirekte kunne legge beslag på større områder med jordbruksareal. Ut i frå konsekvensutgreiinga er det elles noko vanskeleg å sjå kva konsekvensar traséaval får for gjødselspreiing og kva skadereduserande tiltaka som gjerast gjeldande for eventuell konsesjon. Tap av spreieareal og følgande reduksjon i besetning må inkluderast i ein konsekvensutgreiing. Me vil og oppmode om at mastepunkta i størst mogleg grad vert lagt til areal som ikkje er oppdyrka, slik som blant anna eigedomsgrenser, skifte mellom teigar og jorde. Av omsyn til landbruk er det derfor positivt at Fange AS i størst mogleg grad skal plassere master i punkter der det ikkje er dyrka mark, slik som på udyrka knausar, haugar og i grenser mellom teigar

## Konklusjon

Statsforvaltaren er særstakt positiv til at traséalternativ 2 og 2b er forkasta. Vidare vil me tydeleg rå i frå alternativ 1+1b av omsyn til naturverdiar, særleg fugleliv.

<sup>1</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/konsekvensutredninger>

<sup>2</sup><https://www.artsdatabanken.no/rodlisteforarter2021/fordypning/ansvarsarterrodlistaieturopeiskperspektiv>



Lengre sør er alternativ 1 sannsynlegvis det det minst konfliktfulle av omsyn til landbruk. Men på den andre sia er alternativ 1c sannsynlegvis betre av omsyn til naturverdiar. Me vurderer kunnskapsgrunnlaget som utilstrekkeleg til å gjere ei vurdering av kva omsyn som skal vege tyngst ved tilråding av traséval.

Me saknar og ei vurdering av ei 132 kV linje som går parallelt med dagens 66 kV og ber Fange AS gjere greie for kvifor ein ikkje kan vidareføra innskot kabel.

Vurderinga av konsekvensar har openberre manglar og følgjer verken allmenn praksis eller forventningar til KU-arbeid . Ei konsekvensutgreiing som følgjer dagens standard, jf. Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 må føreligge før NVE kan ta ei avgjerd i denne saka.

Med helsing

Cathrine Stabel Eltervåg (e.f.)  
ass. fylkesmiljøvernsjef

Bjørn Mo  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune  
Karmøy kommune

Postboks 130	4001	Stavanger
Postboks 167	4291	KOPERVIK